



Rovviltnemnda i region 6
Statsforvalteren i Trøndelag
v/ Inga Stamnes
Postboks 2600
7734 Steinkjer

Deres ref:
Vår ref: 196/2022-642.35
Sted: Trondheim
Dato: 02.03.2022

Førebels bestandsstatus av gaupe i rovviltregion 6 den 1. mars 2022

- Basert på registreringar av familiegrupper av gaupe i region 6 fram til den 1. mars 2022 er det berekna 11,5 familiegrupper i regionen. Dette er 6,5 færre familiegrupper enn det som vart registrert i regionen før jakt i 2021, og det motsvarar ein bestand på 65 gauper før jakta starta i 2022.

Bakgrunn

Den 7. februar 2022 fekk Rovdata førespurnad frå sekretariatet for rovviltnemnda i region 6 v/Inga Stamnes, med ønskje om ein førebels bestandsstatus av gaupe i regionen for å kunne gjere ei vurdering av ei eventuell tildeling av reservekvote i gaupejakta i regionen.

Føresetnader

Bestandsstorleiken av gaupe før jakt reknast på bakgrunn av registrering av familiegrupper (ei hogaupe i følgje med ein eller fleire årsungar). Registreringsperioden strekk seg frå 1. oktober og fram til 28./29. februar for observasjonar av familiegrupper, medan daude gaupeungar vert inkludert i materialet fram til 31. mars. Registreringsarbeidet er ein kontinuerleg prosess i heile denne perioden. Det kan såleis verte endringar i dei førebelse tala som rapportert her, samanlikna med endeleg bestandsstatus som rapportert 1. juni. Meldingar om familiegrupper vert registrert i Rovbase etter kvart som dei vert kontrollert i felt og kvalitetssikra av SNO, med siste frist for registrering 15. mars. I Rovbase skjer det òg ein fortløpande registrering av daude gauper. Som grunnlagsdata for den førebelse bestandsstatusen i region 6 har vi den 1. mars kl. 12.00 henta ut alle familiegruppemeldingar med status «Dokumentert» og «Anteke sikker», samt daude årsungar, frå dei to fylka som inngår i rovviltregionen og observasjonar i nabofylker/län som kan påverke resultatet for region 6. Vi har i denne gjennomgangen ikkje kvalitetssikra dei vurderingane som er gjort av SNO/länsstyrelsen, men gått ut frå at den vurderingsstatusen som er gitt i Rovbase er korrekt. Gruppering over landegrensa er ikkje diskutert med länsstyrelsen i Jämtland.

Resultat


I Rovbase er det lagt inn totalt 36 observasjonar av gaupe familiegruppe som har status «Dokumentert» eller «Anteke sikker» i Trøndelag og Møre og Romsdal. I tillegg er det 2 observasjonar i Jämtland som naturleg heng saman med registreringar i region 6. Det er registrert 5 daude årsungar i region 6. Rådatagrunnlaget for å berekne tal på familiegrupper i regionen består såleis av 43 registreringar.

Gjennomgong av dette materialet ved bruk av avstandsregler syner at dei 43 registreringane kjem frå 12 ulike familiegrupper (figur 1), der ei av desse er delt med Jämtland/Sverige. Den førebelse bestandsvurderinga vert såleis 11,5 familiegrupper i region 6 per 1. mars 2022. Dette er 6,5 færre

familiegrupper enn det som vart registrert i 2021, og det motsvarar ein bestand på 65 dyr (95 % KI: 56–75 dyr) før jakta starta i 2022. I Rovbase er det per 1. mars registrert 27 daude gauper i region 6, 26 av desse er jaktuttak medan den siste er ukjent dødsårsak. Av desse 27 gaupene er 11 vaksne hogauper (figur 2). Avgangen utgjer så langt 41 % av den berekna bestandsstorleiken før jaktstart i 2022.



Figur 1: Registrering av gaupe familiegruppe i region 6 i perioden fram til 1. mars 2022. Dei raude sirklane syner midtpunktet i dei ulike familiegruppene, medan dei grå sirklane og korsa syner observasjonar og daude gaupeungar nytta i berekninga av tal på familiegrupper.



Figur 2: Registrert avgang av gaupe i region 6 i perioden 1. februar til 1. mars 2022. Dei svarte korsa syner daude vaksengauper. Som i figur 1 syner dei grå korsa og sirklane daude gaupeungar og observasjonar nytta i berekninga av tal på familiegrupper, medan dei raude sirklane syner midtpunkt i dei ulike familiegruppene.

Med helsing


Jonas Kindberg
Leiar Rovdata


Mari Tovmo
Overingeniør Rovdata